



## Saksframlegg

### Mellombels fuelanlegg på Voss flyplass Bømoen

Saksnr.	Utval	Møtedato
55/25	Formannskapet, Plan og økonomi	02.06.2025

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å gå vidare med alternativ 1, Løne Maskin og Transport AS sitt alternativ plassert på område som Voss herad disponerer i tråd med tilleggsavtalen. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale med Løne Maskin og Transport AS i tråd med dei føresetnader som kjem fram i saka.

#### Alternativt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å gå vidare med alternativ 2, Bømoen AS sitt alternativ plassert nær dagens fuelanlegg. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale med Bømoen AS i tråd med dei føresetnader som kjem fram i saka.

#### Formannskapet, Plan og økonomi 02.06.2025

#### Handsaming

Sveinung Riber, H, bad om vurdering av habilitet for Hans-Erik Ringkjøb på bakgrunn av hans tidlegare rolle som ordførar, no som kommunalsjef. Rådmannen svara ut spørsmålet for evt. habilitet, og det vart ikkje røysta over habilitet.

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak opp mot rådmannen sitt alternativt framlegg til vedtak. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 6 røyster mot 3 røyster (Sveinung Riber, Daniel Lund Imani, H, Lars Gunnar Øye, Inp).

#### FPL - 55/25 Vedtak

Formannskapet vedtek å gå vidare med alternativ 1, Løne Maskin og Transport AS sitt alternativ plassert på område som Voss herad disponerer i tråd med tilleggsavtalen. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale med Løne Maskin og Transport AS i tråd med dei føresetnader som kjem fram i saka.

## **Innleiing**

Denne saka er skriven med utgangspunkt i sak 51/25, Situasjonen for drivstoff på Voss flyplass Bømoen. I denne nye saka er nye opplysningar lagt til og utgreidd.

## **Samandrag**

Det har i lengre tid vore uavklart kva som vil skje med fuelsituasjonen på Bømoen gjennom sesongen 2025. Same situasjon var tilfelle for to år sidan, men då var det mogleg å skaffa fuelanlegg på relativt kort tid. Slik er ikkje situasjonen i 2025, leveringstida er på 16-18 veker. På grunnlag av det er det arbeidd med alternative løysingar for å få ei midlertidig ordning. Alternativ med å bruka dagens anlegg vidare i 2025 og ev å få på plass eit mobilt anlegg har vore hovudspora.

Fredag 30.5.2025 var situasjonen den at var det siste alternativet som var eit reelt alternativ for å sikra fuel på Bømoen. Same dag kom det eit nytt innspel om eit midlertidig anlegg i regi av Bømoen AS. På grunnlag av ny informasjon fekk rådmann i oppdrag å utgreia saka og legge den fram for politisk handsaming i FPL. FPL fatta følgjande vedtak:

*Formannskapet vedtek at rådmannen arbeidar vidare med å inngå avtale om eit mobilt fuelanlegg og å tilrettelegga for eit slikt anlegg på Voss flyplass Bømoen.*

*Rådmannen må i vidare arbeid med avtalen sikra tilstrekkeleg fast fuel, til luftsport og beredskap. Endeleg avtale skal handsamast av FPL*

## **Saksopplysingar**

Voss flyplass Bømoen er viktig for Voss herad. Voss herad sitt engasjement er knytta til to tilhøve, beredskap og luftsportsinteressene.

### **Beredskap**

Voss flyplass Bømoen utgjer ein viktig del av beredskapen i vårt område. På flyplassen landar legehelikopter, politihelikopter, helikopter i samband med brann og redningshelikopter SARQueen. På Voss flyplass Bømoen kan dei i dag få fuel og ev stå over natta dersom det er snakk om ei hending over tid, td skogbrann/leiteaksjon osv.

Å sikra desse aktørane tilgang på fuel er avgjerande for at dei skal kunne utføra oppdraga sine effektivt og på det viset sikra beredskapen i vårt område. Voss flyplass Bømoen vert slik ein viktig base for den lokale og regionale beredskapen. Rådmann vil peika på at i ei hending tel kvart minutt. Utan tilgang på fuel på Bømoen, er det Bergen, Sogndal eller Kinsarvik som er dei næraste plassane for å henta fuel. Ved hendingar i vårt område vil det både gje lengre responstid og mindre effektiv beredskap.

### **Luftsportsinteressene**

Voss flyplass Bømoen er base for luftsportsaktivitet. Her er to flyklubbar lokalisert og ein fallskjermklubb. Aktiviteten er høg og luftsporten er eit heilt sentralt element i aktivitetsbygda Voss. For fallskjermhoppaparar verda over er Voss ein av dei aller viktigaste idrettsarenaene som er, og sjølv idrettsanlegget er lokalisert ved Voss flyplass Bømoen. Dette har vore med å bygga oppunder varemerket Voss som aktivitetsbygd og arena for ekstremспорт. Ekstremспортveko er det arrangement på Voss som har nådd ut til flest verda over. Både utøvarar og andre har latt seg fasinera og jamvel grunn for å vitja eller busetta seg i heradet.

Luftsportsaktiviteten på Voss flyplass Bømoen er noko av det som gjer Voss til Voss. Det har brei appell og gir store ringverknader for lokalt næringsliv og attraktivitet. Aktivitetsbygda og luftsportsaktiviteten er ein del av det overordna planverket til Voss herad, nemleg å støtta opp om og utvikla aktivitetsbygda Voss. Luftsport og ekstremспорт er heilt sentrale delar av aktivitetsbygda. Både gjeldane samfunnsplan, gjeldande strategisk næringsplan og Voss i vekst legg vekt på det luftsporten bringer til bygda.

#### Situasjonen for fuel i 2025

Grunna ei rekke uavklarte tilhøve ved Voss flyplass Bømoen har situasjonen kring fuel vore uavklart. Med bakgrunn i det som er sagt ovanfor, er dette kritisk for Voss. Det er ein reell fare for at Voss flyplass Bømoen i løpet av kort tid står utan fuel. Det vil gje ein svekka beredskap i vårt område og det vil setta luftsportsaktivitetane i fare. Utan avklaring på fuelsituasjonen innan kort tid, vil årets Ekstremспортveka måtte avlysa all luftsport som er avhengig av aktiviteten på Voss flyplass Bømoen. Det vil og vera svært krevjande å følgja opp den beredskapen som krevst generelt, og særleg beredskapen knytt til andre aktivitetar under ekstremспортveko.

Det har blitt jobba med fuelsituasjonen over tid, men den lange leveringstida på eit mogleg nytt anlegg/mobilt anlegg har gjort situasjonen ekstra krevjande. Marknaden og offentlege aktørar har blitt kontakta. Både heradet og Bømoen AS har leita etter mogleg anlegg. Det har vore nei over heile lina.

Då det viste seg at det var vanskeleg å få på plass eit midlertidig anlegg, vart det tatt initiativ til for å få til ei minneleg ordning der dagens anlegg kunne nyttast i 2025. I denne prosessen måtte Voss herad vera "mellommann" for på den eine sida å få aksept for å kunne bruka det eksisterande anlegget. Denne aksepten måtte Voss herad få frå grunneigar Bømoen AS. På den andre sida måtte Voss herad få aksept hjå Løve Eigedom AS som eig sjølve fuelanlegget. Kort fortalt gjekk Voss herad sitt framlegg ut på å frysa dagens situasjon og få til ein midlertidig avtale der Løve Eigedom AS fekk halda fram med å levera fuel. Ein slik avtale med akseptable vilkår var diverre ikkje mogleg å få til.

Voss herad fekk i denne prosessen informasjon om at Løve Maskin og Transport AS hadde eit mobilt anlegg som kunne vera aktuelt. Det vart sondert om dette kunne koma til Voss og fungera som eit midlertidig anlegg. Når det ikkje lukkast med det som etter Voss herad ville vera den enklaste løysinga, vart arbeidet med eit mobilt anlegg intensivert. Voss herad har fått stadfesta at det er mogleg å få på plass eit mobilt anlegg relativt raskt. Det er Løve Maskin og Transport AS som disponerer eit anlegg frå 2022. Anlegget kan ta 16 000 liter med fuel. Anlegget kan og nyttast til «hot fuel». Dvs at det i ein akutt situasjon kan levera fuel på same tid som motoren går, det same er tilfelle når det er høg aktivitet av fly på flyplassen. Dette for å spara tid. Anlegget vil sikra både beredskap og luftsporten på kort sikt. Vonlege er det stort nok til at Ekstremспортveko og luftsporten kan gå som planlagt.

Voss herad har arbeidd med plassering av anlegget. Det er tenkt plassert vis a vis det gamle fuelanlegget som er på flyplassen. Dvs at det er tett på der det allereie har vore eit fuelanlegg tidlegare, men dette anlegget er ikkje lengre i drift. Dette området er ein del av tilleggsavtalen for flyplassen og er såleis eit område som Voss herad disponerer. Vidare er det arbeidd med nok areal rundt fuelanlegg for å sikra tryggleiken. Arealet er stort nok for at store helikopter, som redningshelikopteret SARQueen, kan få fuel og for at dei større flya, som Twin Otter, kan manøvrera trygt. Den mellombelse plasseringa er lett å koma til både frå taksebane og rullebane. Endeleg avklaring rundt tryggleik og hinderflater vil bli tatt med Luftfartstilsynet i fyrstkomande veke, men rådmann sin vurdering er at dette er innanfor gjeldande regelverk. Området må oppgraderast noko før det vert tatt i bruk.

Det avgjerande i den akutte situasjon som er no, har vore tryggleik. Vidare er det sett på støy og effektiv drift av flyplassen. Ny plassering av fuelanlegg vil medføra meir taksing. Dette gir meir støy og mindre effektiv drift. På same tid vil ny plassering vera nær tidlegare plassering. Det har fungert før og moglege negative konsekvensar vert vurdert som akseptable ut frå situasjonen der Voss flyplass Bømoen kan stå utan tilgang på fuel. Vidare er anlegget plassert på nordsida, som gir mest effektiv drift. Permanent plassering vil vera å koma attende til i samband med plan for flyplassen, og då vil nettopp tryggleik, støy og effektiv drift vera hovudtema.

Det kan òg nemnast at Voss herad, ved den skisserte løysinga, vil ha hand om fuel og beredskap på Voss flyplass Bømoen. Begge er oppgåver som er grunnleggande for flyplassen og avgjerande at det er det offentlege som har kontroll på.



Nye opplysningar

Fredag 31.5.2025 vart Voss herad kontakta av Bømoen AS som kunne meddela at dei òg kunne levera eit midlertidig anlegg. Heradet bad om ei skriftleg stadfesting, og mottok følgjand e-post:

«God dag Hans Erik!

Viser til telefonsamtale for nokre minutt sidan og stadfester med dette at me for ein halv time sidan fekk bekrefta at Bømoen AS kan levera fuel etter 13. juni. Me kan få på plass ein tank på ca 8 000 l som vil stå der i påventa av ei permanent løysing. Under ekstrem sportveka kan me ha ein tankbil ståande der, den kan etterfyllast etter behov slik at kapasiteten er tilstrekkeleg. Viser det seg at 8 000 l er for lite så har me mogelgheit for å auka dette.

Dette vil i tilfelle verta gjennomført i samarbeid med ein etablert aktør på markedet.

Med helsing  
Bømoen AS  
Olav Læg Reid»

Dette var så vesentlege opplysningar at rådmann valte å presentera informasjonen i formannskapsmøtet. Formannskapet konkluderte med at også dette alternativet burde utgreiast. For å utgreia dei to alternativa utarbeidde administrasjonen ei oversikt over ynskje og spørsmål til dei to potensielle leverandørane av eit midlertidig fuelanlegg. Dei to leverandørane fekk frist til sundag 1.6.2025 kl 12.00 til å svara ut og konkretisera sitt tilbod. Begge to leverte innan fristen. Spørsmål og svar er vist i tabellen nedanfor:

<b>Avklaringar i høve alternativ for midlertidig fuelanlegg ved Voss flyplass Bømoen</b>		
Vilkår og spørsmål	Svar Løne (Alt 1)	Svar Bømoen AS (Alt 2)
Fuel er tilgjengeleg heile året der det til ei kvar tid er tilstrekkeleg fuel for å levera til beredskapsaktørar.	Ja	Ja
Fuel er tilgjengeleg for alle brukarar til like vilkår.	Ja	ja
Det vert levert tilstrekkeleg med fuel til å dekkja normal aktivitet i høgsesong.	Ja	ja
Det kan leverast fuel utover normalaktivitet i samband med arrangement.	ja	ja
Det er mogleg å fylla helikopter medan motoren går for å spara verdigfull tid, hot fueling. (presisert at og gjeld fly)	ja	ja
Fuelleverandør står for drift og vedlikehald av anlegget.	ja	ja
Fuelleverandør skal driva eit godkjent anlegg i tråd med til ei kvar tid gjeldande regelverk for slike anlegg.	ja	ja
Skildra sjølve anlegget: Spesifikasjonar: Type anlegg, kapasitet, sist godkjent, osv	Fuelproff 16000, ny godkjenning kjem ved installasjon. Anlegget er frå 2022.	Det vert vist til vedlagd dokumentasjon av 16 m3 anlegget me tilbyr
Skildra drift av anlegget: Korleis er anlegget tenkt drifta? Er det lagt opp til drift/vaktordning som kan handtera ein ev nødsituasjon (redningsaksjon eller liknande)?	Drifta av Lars Løne 24/7. Drifta på same måte som sida 2006. Vaktordning 24/7, 365 dagar i året.	Det vert vist til vedlagde instruksjon for korleis anlegget skal driftast. Anlegget vil verta drifta av personell med naudsynt opplæring. Det vert etablert vaktordning slik at me kan handtera naudsituasjonar.

Skildra kapasitet: Kva er normalkapasitet? Vil anlegget til ei kvar tid ha ein reservekapasitet i tilfelle ei beredskapshending? Kva er kapasitet ved arrangement (td ekstrem sportveko)? Kor lang varslingsfrist trengs for levering før arrangement? Er det mogleg å utvida normalkapasitet?	Normalkapasitet 16000 liter. Anlegget vert fylt når det er 5000 liter att. Ved arrangement 16 000 liter + ein ekstra tankt. 5 dagars varsling før større arrangement. Normal kapasitet kan utvidast.	Nominell kapasitet på tilbode anlegg er 16 m3. Anlegget vil verta drifta slik at det alltid er tilstrekkeleg reservekapasitet til beredskapshendingar fram til me kan få anlegget etterfylt. Ved ekstrem sportveko har me tilgang på etterfylling så raskt at me ikkje kan gå tomme. Etter ferien i år har me tilgang på ein 40 m3 tank som kan plasserast der dagens anlegg står straks det gamle anlegget er fjerna.
Plassering av anlegget: Kvar ved flyplassen er det ønskeleg å plassera anlegget?	Ved Voss flyklubb sitt areal. Er og vist til mogleg plassering der Voss fallskjermklubb held til	Anlegget er planlagt plassert like ved eksisterande anlegg, på området der Løve Eigedom AS har si verksemd inntil dei må fråvike grunnen 13. juni. Det vil derfor ikkje vera behov for andre rutiner eller operasjonar for fylling enn det som er tilfellet i dag
Betalingsordning for fuel: Korleis er betalingsordning for fuel tenkt løyst?	Som i dag, dvs ved faktura til kunde etter forbruk	I startfasen vert dagens betalingsordning vidareført. På sikt er det aktuelt med betalingsterminal.
Kostnader for Voss herad ved etablering og levering av eit midlertidig fuelanlegg: Vil det vera kostnader for Voss herad ved etablering av anlegget, og i så fall, kor store kostnader?	Kostnader er sett til kr 0,- for Voss herad	Det er ingen kostnader for Voss herad ved etablering av midlertidig eller permanent anlegg.
Tidsperspektiv for drift av anlegget. Kan anlegget driftast i ein midlertidig periode på to år?	Anlegget kan vera i drift som midlertidig anlegg i to år	Ingen begrensning på driftstida for anlegget.
Lik tilgang: Vil fuel vera tilgjengeleg for alle brukarar på like vilkår?	Det skal vera lik tilgang for alle brukarar av flyplassen.	Alle brukarar får lik tilgang på like vilkår.
Tilleggsspørsmål når klart?	Vil vera operativt frå 13.juni	Anlegget vil vera operativt umiddelbart når det eksisterande anlegget vert sett ut av drift.
Tilleggsspørsmål Hot fueling	Kan levera Hot fueling til både helikopter og fly	Hot fueling er kun eit spørsmål om korleis omgjevnadane for anlegget er og krav til storleiken av bemanninga under tanking (med naudsynt opplæring). Svaret er at me kan tilby hot fueling der anlegget er føresettt plassert.

Etter at svara ovanfor var kome Voss herad i hende sundag kl 12.00, vart svara sendt over til aktuelle aktørar som har sin aktivitet på Bømoen. Dei som har fått det til uttale er Voss Flyklubb, Voss

Fallskjermklubb, Bømoen Flyklubb og Fonnafly. Ekstrem sportveko har også uttalt seg i lag med Voss Fallskjermklubb. Svare frå desse er oppsummert nedanfor:

Tilbakemelding frå Voss flyklubb:

Voss flyklubb melder tilbake at dei ønskjer at eit midlertidig anlegg skal etablerast på det området som dei held til på. Dei peiker på at dette vil få konsekvensar for klubben, men at det kan gjerast avbøtande tiltak som sikrar drift av klubben i ein mellombels periode. Dei har utarbeidd skisse for korleis dei meiner eit mellombels fuelanlegg kan plasserast.

Dei grunngjev standpunktet sitt med at dei ikkje ønskjer at Bømoen AS skal driva fuelanlegg på flyplassen.

*«Når det skal etableres et midlertidig fylleanlegg, må vi sikre trygg flyplassdrift mellom parter som samarbeider godt og har tillit til hverandre. Vi mener at et samarbeid mellom Bømoen AS og øvrige parter på Bømoen ikke vil fungere gitt Bømoen AS over flere år har arbeidet for å få nedlagt aktiviteten på flyplassen VFK støtter derfor alternativ 1 hvor Løne Maskin og Transport får etablere midlertidig fylleanlegg.»*

Tilbakemelding frå Bømoen flyklubb

Bømoen flyklubb tek ikkje ekspisitt standpunkt til spørsmåla som heradet har stilt. Dei informerer om at dei truleg må flytta sin aktivitet til området der Voss flyklubb i dag held til. Når det skjer, og om det vert eit mellombels fuelanlegg på området, treng dei ein mellombels hangar for å verna flya sine.

I ein tilleggssuttale peiker dei på at Voss herad bør arbeida for å få hand om heile området KBA7. Dei skriv følgjande:

*Styret i Bømoen flyklubb har drøfta eventuell oreigning av heile området nord for flystripa på Bømoen. Vi har kome til at det snarast bør varslast om oreigning av absolutt heile området KBA7. Dette vil løysa mange problem, også når det gjeld plassering av fuelanlegg. Vi voner dette blir teke omsyn i den vidare saksgangen.*

Tilbakemelding frå Fonnafly

Fonnafly sin uttale seier at den beste plasseringa av fuelanlegg vil vera der det er i dag og dermed at eit anlegg på same plass vil vera det beste. Dei ønskjer alternativ 2, Bømoen AS. Dei utelukkar andre alternativ. Dei skriv følgjande:

*«Viser til brev ang. alternativer for nytt fuel anlegg på Bømoen. Slik vi ser det er alternativet fra Bømoen AS med en plassering der dagen anlegge er plassert den helt klart beste løsningen for alle. En plassering av et nytt anlegg plassert ved Voss Fallskjerm klubb eller Voss Flyklubb vil ikke være en egnet plassering for vår del. Blir det slik at dere går for Lars Løne sin løsning så kommer vi ikke til å benytte oss av dette pga. uegnet plassering. Vi kommer da til å sette opp en mindre tank til eget bruk ifm. vår hangar.»*

Voss fallskjermklubb og Ekstrem sportveko

Voss fallskjermklubb og Ekstrem sportveko konkluderer med at det beste alternativet slik dei ser det er eit midlertidig anlegg drive av Løne Transport og Maskin AS. Dei peiker på plassering både på Voss flyklubb sitt område og på området det Voss fallskjermklubb held til. I deira uttale går dei gjennom ulike moment ved dei to alternativa, der dei peiker på kapasiteten, erfaringa og samarbeidet med Løne som viktige moment. Oppsummert seier dei følgjande:

*«På bakgrunn av ovenstående forhold anbefales det at Voss Herad:*

1. Sikrer forutsigbare rammevilkår for flyplassdrift i henhold til gjeldende konsesjon
2. Velger Løve Eigedom AS som leverandør av drivstoffanlegg til Bømoen flyplass
3. Arbeider for en løsning basert på selvkostprinsippet
4. Unngår involvering av Bømoen AS i driften av kritisk infrastruktur på flyplassområdet»

Optimal plassering av eit drivstoffanlegg

I tilbakemeldingane frå alle aktørar er det peikt på at dagens anlegg truleg har den beste plasseringa for å sikra tryggleik, minst støy og effektiv drift. Dette er sentral informasjon som er relevant med tanke på korleis området nord for flystripa skal regulerast. Ei så tydeleg tilbakemelding er verdt å ta med seg også i vurderinga av eit midlertidig anlegg.

Voss flyklubb samt Ekstremспортveko og Voss fallskjermklubb peiker i den samanheng på at det det no er snakk om berre er eit midlertidig anlegg og at eit permanent anlegg bør ligga der dagens anlegg ligg. Dei argumenterer vidare at det bør vera grunn for at Voss herad utvider oreigingsvarselet slik at også eksisterande fuelanlegg er ein del av det varselet.

### **Rådmannen si vurdering:**

Slik saka står kort tid etter at den har vore til politisk handsaming er at det føreligg to alternativ. Begge leverandørane har sagt seg villige til å oppfylle dei krav som Voss herad har sett. Det vil seie at det er lite som skil dei to alternativa.

Det vart i fyrste runde med denne saka sagt at kostnaden ved etablering av alternativet til Løne med ny plassering vart estimert til 1,0 mill. kr. I deira nye tilbud er kostnaden kr 0,-. Dvs at også på dette punktet er dei to tilboda like.

Bømoen AS sitt framlegg legg opp til at eit midlertidig anlegg skal ligga tett på eksisterande anlegg. Det gjer at drift kan verta om lag som i dag, noko alle ønskjer som permanent ordning. Det vil og truleg verta godkjent av Luftfartsstilsynet, når det er nær identisk med dagens situasjon. Fonnafly seier at for dei er dette einaste løysing, og om ikkje den vert valt, vil dei ordna seg med fuel sjølve. Alternativet med Løne vil seie ny plassering, men det er verdt å merka seg ei plassering vis a vis det tidlegare fuelanlegget til Helitourist. Dvs til eit området som også før har blitt nytta til fuel og har fungert.

Det er umogleg i denne saka å ikkje ta omsyn til den heilt spesielle situasjonen som er på Voss flyplass Bømoen og der Voss herad har varsla oreigning for å sikra seg areal nettopp for å kunne drifta flyplassen og sikra offentlege interesser i høve flyplassdrifta. Vidare er det privatrettsleg tvistar som gjer situasjonen veldig vanskeleg. Voss herad må ta stilling til om det er heradet som skal ha best mogleg kontroll med fuelanlegget. Vidare er det relevant å ta omsyn til kva som må til for å sikra det unika luftsportsmiljøet som er på Voss.

Voss herad har ikke grunnlag for å ta stilling til anklagane fra Voss fallskjermklubb/Voss flyklubb/Ekstremспортveko om at Bømoen AS over fleire år har arbeidd for å redusera og hindra aktiviteten på Bømoen flyplass. Slik situasjonen no er, med ca ein måned att til Ekstremспортveko, er likevel samarbeidsutfordringane mellom Bømoen AS og brukarane av flyplassen relevante, og tilsvarande er det etablerte samarbeidet og tilliten til Løve/Løne relevant. Det er relevant for gjennomføring av aktiviteten som er planlagt og det er relevant for tryggleiken på flyplassen.

Rådmannen vil her peika på at Bømoen AS skriv at selskapet vil tilby kontinuerleg beredskap, men selskapet har ingen erfaring å visa til og korleis beredskapen i praksis skal gjennomførast er heller ikkje skildra. På den andre sida har Løne lang erfaring med fuellevering og har i praksis vist at

selskapet kan tilby kontinuerleg beredskap. På kort sikt, og som ei midlertidig ordning, framstår difor Løne som eit sikrere kort.

Den akutte situasjonen som har oppstått, både for beredskap og for luftsportinteressene – viser at det er viktig for heradet å ha best mogleg kontroll og høve til påverknad. Dette omsynet kan enklast sikrast på det område som heradet har råderett over, slik som tilleggsarealet.

#### Kostander og praktisk gjennomføring

Som nemndt ovanfor er kostandane for begge alternativ no kr. 0,- for Voss herad. Uansett alternativ må det sakshandsamast hjå byggesak for å få sett opp eit midlertidig anlegg.

Voss herad eller Bømoen AS må umiddelbart få sendt byggesøknad om plassering av anlegget og om tilretteleging av området for fueling.

Den skisserte løysinga på område som Voss herad har avtale om vil òg få praktiske konsekvensar for andre aktørar på flyplassen. Desse konsekvensane er no kjende og tilbakemeldinga er at dei er til å leva med.

#### Oppsummering

Det seier seg sjølv at Voss flyplass Bømoen ikkje kan drivast utan fuel. På kort og lang sikt vil dette ramma både beredskap og luftsporten. Umiddelbare konsekvensar er svekka beredskap, at Ekstremsportveko vil bli kraftig redusert og luftsporten på Bømoen vil opphøyra.

Dette er så store konsekvensar for Voss at Voss herad bør strekka seg langt for å avhjelpa situasjonen. Det går og rett i kjernen for grunngevinga for Voss herad sitt engasjement rundt Voss flyplass Bømoen. Fleire løysingar er både vurdert og forsøkt gjennomført utan å lukkast.

I løpet av kort tid er to alternativ kome på banen. Rådmannen vurderer dei som tilnærma like og har i sin konklusjon lagt avgjerande vekt på at Voss herad som driftar av flyplassen ønskjer best mogleg kontroll med kritisk infrastruktur. Dette omsynet kan enklast sikrast på det område som heradet har råderett over, slik som tilleggsarealet.

#### Vedlegg

Førespurnad midlertidig fuelanlegg

Mellombels fuelanlegg på Voss flyplass Bømoen – førebuing av uttale

Tilbakemelding frå leverandørar av mogleg midlertidig anlegg for fuel  
tilbakemelding Løne

Tilbakemelding Bømoen AS

Spesifikasjon anlegg Bømoen AS

Instruksjon for bruk av 15M3 tankanlegg FBS T-024 Bømoen AS

Ber om uttale til moglege alternativ for midlertidig fuelanlegg på Voss flyplass Bømoen

Valg midlertidig drivstoffanlegg Voss Flyplass

Uttale frå Voss Flyklubb ang midlertidig fuelanlegg

Sv Førebuing uttale midlertidig fuelanlegg

Vedrørande oreigning av KBA7

Uttale til plassering av fuelanlegg

